

Referat frå styremøte i Rogaland bygdekvinnelag 03.02.26

Til stades: Ingrid, Rita, Astrid, Anne Kristine, Åse-Berit, Margunn og Solveig Marie fysisk
Ann Karin, Anne Margrethe og Valborg (20 min) på Meet

Fråverande: Anna Laurentse, Magnhild og Malin Regine

Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
OK

Sak 23/2025 Gjennomgang med ordstyrarane på distriktsårsmøtet
Me gjekk gjennom programmet for distriktsårsmøtet med Solveig Marie Ådneram og Margunn Nedrebø, som får det ettersendt når alt er klart

Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte
OK

Sak 04/2025 Økonomioversikt
Orientering om økonomien pdd.
204 974,- på brukskonto og 166 324,- på plasseringskonto

Sak 13/2025 Arbeidsplan og årshjul 2025-2026
Årsmøtesaker - der me ikkje har fått noko frå lokallaga innan fristen

Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:

Ingrid Haugstad Håland: Hatt forskjellig kontakt med lokallag og prøvd å svara på spørsmål av ulike slag.

Ann Karin Hammer arbeider med årsmeldinga. Det var triveleg på Eikeland, og me jobba godt. Gler seg til årsmøtet i Suldal. Det blir magisk på årsmøtet med flinke dam er i arrangørlaga!

Åse-Berit Fidjeland: Arbeider med årsmelding, og det er litt mykje p.t., men kjem nok i mål.

Anne Kristine L. Andersen får ikkje reist på årsmøte i BU. Skjold har samarbeid med Sanitetsforeningen i Ølen: "Ikke vent og se, ring 1 1 3". Har fått to nye medlemmer siste veka!

Rita Aase Austvoll - har jobba med årsmelding og budsjett. Sonemøte på Sola som ho ikkje kan møte på

Astrid Skretting har vore på stormøte på Varhaug (med raud kåpe); interessant m/landbruksministeren. Det er årsmøte i Rogaland bondelag, og Astrid går på laurdag. Lokalt skal det vera sonemøte på Jæren m/Linda og Sveinar og Sjur Håland om fordeler og ulemper med kjerringar 26. mars på Varhaug. Har hatt ein ringerunde, men har ikkje fått kontakt med alle dei nye leiarane endå, men det er ein god tone og fleire har fått nye medlemmer. Varhaug arrangerte møte om banksvindel og framtidsfullmakt der dei hadde mat til 30 og det kom 60. Veldig bra. Korleis få med yngre folk? Klepp har nå 104 medlemmer. men utfordring med å få dei med på møta. I Time har kommunen tatt kontakt om beredskap. Kva er ei krise? Eit grunnstøytt cruiseskip kan vera eit scenario.

Anne Margrethe Myhre må ta tak i sonemøte, men ventar til etter årsmøtet. Det er transport- og logistikkutfordringar for å planleggja årsmøte når dei er mange lag, men har arbeidd for at heile helga blir bra. Møte 25. mars der Anders Nordstad kjem blir mest eit sonemøte, for fire av fem lag er med. Ho planlegg å snakka med alle laga og få dei til å

koma på årsmøtet.

Eventuelt:

- a) **Rogalandsgarden:** Ingrid las årsmeldinga derifrå. Bjørg Judit Holmebakken Åmodt vil vera med på tur, vera med i styret og reisa rundt for Rogalandsgarden etterpå. I ein e-post skreiv Ole Eriksen 09.01.26: "Vi blir 5 på tur, Inger Sofie og Jon Tore Refve, Bjørg Judit Holmebakken Åmodt, Terje Øen og meg selv. Når det gjelder økonomien vår så er vi der vi bør være i forhold til budsjett og aktiviteter planlagt for 2026. Jeg kommer tilbake med regnskap for 2025 i neste uke etter at vi har fått årsrapporten fra banken."

Konklusjon: Bygdekvinnelaget tar ein prinsipiell diskusjon i 2027, sjå årsmelding.

a) **Diverse årsmøte**

BU sitt 81. ordinære årsmøte 13.-14. februar: Anne Kristine har ikkje meldt seg på

Bondelaget har årsmøte 13.-14. februar: Astrid har meldt seg på

Fylkesårsmøte i Rogaland 4H 21. mars

Nytt møte 3. mars: Praktisk arbeid før årsmøtet, og "dei nordante" er med litt frå starten av på skjerm

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)